



Arkivnr: 2014/505-5
Saksbehandlar: Even Vaular

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|-------------------------------|--------|------------|
| Utval for miljø og samferdsel | | 15.05.2018 |
| Fylkesutvalet | | 31.05.2018 |
| Fylkestinget | | 13.06.2017 |

Årsmeldingar for fylkesvegane i Hordaland og Bergensprogrammet 2017

Samandrag

Fylkeskommunen er ein stor vegeigar med om lag 3000 km fylkesveg, noko som inkluderer mellom anna 126 tunnelar (fordelt på 99 km) og meir enn 1100 fylkesvegbruer. Fylket har også ansvaret for over 200 km gang- og sykkelveg. Gjennom *sams vegadministrasjon* har Statens vegvesen det utøvande ansvaret for investeringar, drift og vedlikehald på fylkesvegane – dette på vegne av fylket som vegeigar.

Rapporteringa av drift/vedlikehald og investeringar på fylkesvegnettet kjem i to ulike årsmeldingar. Den eine tar for seg fylkesvegane i Hordaland utanom Bergen, inkludert drift og vedlikehald på heile fylkesvegnettet, medan årsmeldinga for Bergensprogrammet tar for seg investeringar på fylkesvegnettet i Bergen. Årsmeldingane for 2017 vert her lagt fram for fylkestinget. Dei er utarbeidd i nært samarbeid med Statens vegvesen.

Økonomi: Årsmeldingane er sentrale grunnlagsdokument for økonomisk styring og prioriteringar på fylkesvegnettet.

Klima: Årsmeldingane har ingen direkte verknad på klimaet, i motsetnad til sjølve prioriteringane på fylkesvegnettet.

Folkehelse: Årsmeldingane har ingen direkte verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Årsmeldingane er sentrale grunnlagsdokument for målstyring, jamfør mål og strategiar i *regional planstrategi* og *regional transportplan*.

Forslag til innstilling

Fylkestinget tar *Årsmelding for fylkesvegane i Hordaland 2017* og *Årsmelding 2017* for Bergensprogrammet til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Årsmelding for fylkesvegane i Hordaland 2017
- 2 Årsmelding 2017 for Bergensprogrammet

Fylkesrådmannen, 02.05.2018

Bakgrunn

Fylkeskommunen er ein stor vegeigar med om lag 3000 km fylkesveg, noko som inkluderer mellom anna 126 tunnelar (fordelt på 99 km) og meir enn 1100 fylkesvegbruer. Fylket har også ansvaret for over 200 km gang- og sykkelveg. Gjennom *sams vegadministrasjon* har Statens vegvesen det utøvande ansvaret for investeringar, drift og vedlikehald på fylkesvegane – dette på vegne av fylket som vegeigar.

Rapporteringa av drift/vedlikehald og investeringar på fylkesvegnettet kjem i to ulike årsmeldingar. Den eine tar for seg fylkesvegane i Hordaland utanom Bergen, inkludert drift og vedlikehald på heile fylkesvegnettet, medan årsmeldinga for Bergensprogrammet tar for seg investeringar på fylkesvegnettet i Bergen. Årsmeldingane for 2017 vert her lagt fram for fylkestinget. Dei er utarbeidd i nært samarbeid med Statens vegvesen.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Etter budsjettjusteringane gjennom 2017 syner rekneskapan eit avvik i høve til budsjett for investeringar på -113,9 mill. kr. for Hordaland utanom Bergen, medan det på budsjettet for drift og vedlikehald i 2017 (gjeldande for heile fylket – også Bergen kommune) vart eit meirforbruk på vel 64 mill. kr. Bergensprogrammet (inkl. bybaneprosjekta) hadde eit avvik på -103,9 mill. kr. jamfør revidert budsjett.

Statens vegvesen har rapportert til fylkeskommunen om meir- og mindreforbruket i 2017. Meirforbruket fordelar seg slik:

- Drift: 52,1 mill. kr
- Vedlikehald: 11,9 mill. kr. (5,56 mill. kr. er feilføringar- reelt meirforbruk 6,3 mill. kr.)

Avvik i høve til budsjett for investeringar i Hordaland utanom Bergen er i hovudsak knytt til forseinka framdrift på ein del store prosjekt og standardhevingstiltak. Statens vegvesen meldar at nokre prosjekt ikkje kjem til gjennomføring. Størst avvik i høve til budsjettet finn ein i følgjande prosjekt: Storskaret-Arefjordpollen, Åsen-Helleskaret, Grindavoll-Lepsøy, gjerde på Askøybrua. Framdrifta er god på dei fleste mindre investeringsprosjekta utanfor Bergen.

Fylkesrådmannen har diskutert aktuelle tiltak med Statens vegvesen for å få større samsvar mellom budsjetttramma og forbruket av investeringsmidlar. Det er ønskeleg at ein i større grad er klar til å setta i gang nye prosjekt tidleg på året, og at det vert lagt inn større tidsbufferar i prosjektplanlegginga.

Avvik i høve til budsjett for investeringar i Bergensprogrammet er m.a. knytt til lågare framdrift enn planlagt på Ringveg Vest, noko som skuldast klage på vedtak i ein innkjøpsprosess. Gjennom året vart løyvingane til somme prosjekt redusert som følgje av venta nedgang i bompenginntektene på om lag 70 mill. kr.

Dette er den siste årsmeldinga frå Bergensprogrammet. Frå og med 2018 vert investeringane på fylkesvegnettet i Bergen ein del av Miljøløftet.

Meirforbruket på drift og vedlikehald er knytt til fleire ulike faktorar. Auka kostnadar til vinterdrift står for om lag 25 mill. kr. av overskridingane. Det skuldast eit særns nedbørsrikt år, og mange dagar med temperaturar kring frysepunktet. Prisstiginga gjennom året vart også høgare enn føreset. I fylkesvegbudsjettet vert det brukt ein annan justeringsindeks (konsumprisindeksen) enn i driftskontraktane (byggekostnadsindeks for veganlegg – drift og vedlikehald av vegar). Sistnemnte enda på ein auke på 3,4 prosent gjennom året - 1,8 prosent høgare enn kva som vart fastsett i budsjettet. Budsjettet har ikkje tatt høgde for ekstremvêr, som gir auka kostnadar for drift og vedlikehald. Av betydning for rekneskapsåret 2017 er ekstremværa Urd (26 desember 2016), Vidar (januar 2017), Aina og Birk (desember 2017). Andre årsakar til meirforbruket er auka utgifter til kraftforsyning (av veglys, tunnelar, m.m.).

Budsjettering av vinterdrift i eit fylke som Hordaland er utfordrande, då store delar av fylket ikkje har eit stabilt vinterklima. Årsvariasjonane er store. Den same utfordringa har me når me skal ta høgde for

ekstremvêr. Samstundes veit me at kostnadar knytt til ekstreme vêrsituasjonar truleg vil auka, i takt med at klimaet vårt vert villare og våtare. Særleg vatn utanfor kontroll er skadeleg for vegane våre. Utvasking av vegar kan til dømes gi setningsskadar, skapa søkkjehol og utrasing av vegar og murar, og set fart på forfallet. Forfallet på fylkesvegane vart i 2016 kostnadsrekna til 7,3 mrd. kr. Fylkesrådmannen understrekar viktigheita av å jobba med klimatilpassa tiltak og løyvingar for fylkesvegnettet – også på drift- og vedlikehaldsbudsjettet.